

HANDLINGSPLAN FOR BRYNE KUNSTFORENING 2021 – 2022

Bryne kunstforening (BKF) har til føremål å fremja interesse for visuell kunst gjennom utstillingar, ulike arrangement og prosjekt. BKF skal vera ein aktiv og kvalitetsorientert aktør på kunstfeltet og søka samarbeid med aktørar som arbeider med andre kunstnarlege uttrykk. I 2021-22 skal me leggja til rette for at det nyetablerte kunstnarleg råd skal kunna bidra til vidareutvikling og styrking av BKF's kunstnarleg profil.

Kunstforeninga skal primært stilla ut arbeid av profesjonelle kunstnarar som møter eit eller fleire av følgjande kriterier:

- Kunstfagleg utdanning på bachelor-nivå eller høgare
- Delteke i anerkjent juriert utstilling
- Medlem av kunstnarorganisasjon som har kunstfaglige opptakskriterier

Kunstnarane kan hentast frå heile verda, men det er eit mål å visa utstillingar av lokale og regionale kunstnarar kvart år. BKF sin utstillingsprofil skal spegla mangfald innan teknikkar og uttrykk. Det er eit mål å visa arbeid av unge kunstnarar og nye uttrykksformer, kunst som fangar nye trendar, er samfunnsaktuell og skaper debatt.

Deler av utstillingsprogrammet skal fastleggast i god tid slik at kunstnarane kan laga verk og utstillingsopplegg spesielt for BKF's galleri eller andre visningsstader BKF ønskjer å ta i bruk.

BKF har eit ønske om å nå betre ut til yngre vaksne, dette skal gjenspeglast i utstillings- og arrangementsprogrammet.

BKF skal tenkja økonomi i utstillingsprogrammet, om kunsten er salbar er eit kriterium i tillegg til dei kunstfaglege. Også arrangement skal ein forsøka å forma slik at dei kan gje inntekter til foreininga. Foreininga vil arbeida aktivt for å søka lokal og nasjonal økonomisk støtte til utstillingar og andre prosjekt.

Styret i BKF har som mål å halda seg oppdatert på det som rører seg innan kunstfeltet og fortløpande oppdatera sin kunstfaglege kompetanse.

BKF skal vera medlem i Norske kunstforeningar og Rogaland fylkeskunstlag.

Aktuelle oppgåver 2021-22

- Fastsetja og utstillings- og arrangementsprogram og gjennomføra det saman med ressursgruppa. Vekt på langsiktig planlegging og utstillingar
- Drifta kunstnarleg råd, sikra godt underlag for prosessen med val av kunstnarar og utstillingstema
- Utvikla eit meir effektivt opplegg for søknadar frå kunstnarar om utstilling i BKF
- Videreutvikla ny heimeside og utnytta potensialet i sosiale medier betre
- Arbeida vidare for å etablera kjernesamling etter kriterier vedtekne av årsmøtet 2021.
- Arbeida for ei meir aktiv forvaltning av samlinga. Retningslinjer vedtekne av årsmøtet 2021 skal liggja til grunn for dette arbeidet.

- Vurdera samarbeidsprosjekt med Kulturbanken. Eit døme kan vera bruk av bilete frå samlinga med tilhøyrande pedagogisk opplegg
- Laga opplegg og materiell for rekruttering av nye medlemmar.
- Ha jevnleg og systematisk kontakt med lokale kunstnarar for å diskutera mogleg samarbeid på kort og lang sikt

Utstillingar og arrangement 2021 og vidare

- 8-15.5 2021 «Pop-up» - Etterlatne arbeid - Sven Undheim.
- 29.5 - 20.6 2021 - Dialogar - Øyvind Johnsen, video og foto
- 11.9 - 3.10 2021 - Ananda Serne
- Oktober 2021 Bruno Krauskopf i samarbeid med Svein Westlye – boklansering
- Oktober 2021 Sono Flux- Bernhard Østebø – Jazz -og teikneimprovisasjon. Kveldarrangement
- November 2021 – Ikkje bestemd
- 29.1 – 21.2 2022 - Song i stein, bøn i bronse, poesi i pleksiglas - Gunnar Torvund. I samarbeid med Garborgdagane og Helge Torvund.
- Mars/april 2022 Siri Borge
- Mai/juni 2022 – Myr –Turid Steinsland, tekstil
- August/september 2022 - Morten Klitgaard - glass
- Haust 22 - Ingvar Moi, teikning
- Vår 2023 – Kirsten Opstad + ev fleire. Er lauseleg avtalt etter at opprinneleg planlagd utstilling i 2021 gjekk ut.

Styret vil arbeida for å få til andre arrangement enn dei som er lista her.

Handlingsplanen vart vedteken av årsmøtet 27.4.2021